

Til lokalforeiningar og lokalråd,  
distriktsstyret, distriktsråda,  
leiarar i valnemnder, revisor, kontrollkomiteen

Førde, 31. januar 2020

### **INNKALLING TIL DISTRIKTSÅRSMØTET 2020; 27. – 29. MARS I SOGNDAL**

Årsmøtet i år vert halde på Quality Sogndal Hotell i Sogndal. Valmøta til distriktsråd for omsorg og for hjelpekorps, og møta for ungdommen og for lokalforeiningane vert før lunsj laurdag 28. mars. Sjølv distriktsårsåret vert same dag etter lunsj, og fram til lunsj søndag.

Tradisjonen tru vert det lagt opp til ein uformell start på årsmøtehelga med førkveld fredagen. Ambisjonen med desse førkveldane har vore å gje inspirasjon og noko til glede og ettertanke. I samråd med Sogndal Røde Kors arbeider vi med eit arrangement på Campus fredag, og vi vil komme attende med meir informasjon så snart det er klarlagt.

Dagsorden og saksdokument til distriktsårsåret vert sendt pr. e-post innan 7. mars til lokalforeiningane og lokalråda, og til delegatar og observatørar som då er påmeldt årsmøtet. Papirversjonen av saksdokumenta vert ettersendt til dei som vil ha dei i hende før årsmøtet. Alle saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg i papirform for alle som deltek på årsmøtet.

Kvart lokalråd kan delta med både leiar og nestleiar (to delegatar) i dei respektive valmøta til distriktsråda. I årsmøtet kan lokalforeiningane vere representert med inntil fire delegatar; ein frå lokalforeininga og ein frå kvart lokalråd. Lokale ledd kan ha med observatørar til alle møte.

Lokalforeiningane betalar for alle sine deltakarar samla (inkl. delegatar og observatørar frå lokalråd, avdelingar og grupper). Det vert sendt faktura frå distriktet etter avslutta årsmøte.

Ynskjer lokalforeininga å fremje sak i distriktsårsåret, må framlegget vere distriktsstyret i hende seinast innan februar månad. Distriktsstyret ber om at årsmøtesaker vert drøfta lokalt, slik at alle er godt førebudde og deltek aktivt under forhandlingane!

Distriktsstyret ser fram til eit aktivt og gjevande årsmøte, til beste for den einskilde deltakar og Røde Kors organisasjonen. Vi ynskjer gjester, representantar og observatørar hjarteleg velkomne til hyggelege årsmøtedagar på Sogndal.

På nettsida [www.rodekors.no/sfj/arsmote2020](http://www.rodekors.no/sfj/arsmote2020) vil det bli lagt ei lenke til påmeldingsskjema innan 14. februar. Prisar vil bli lagt inn i påmeldingsskjemaet så snart det er klart. Påmeldingsfristen er torsdag 5. mars.

Vel møtt!

Med helsing  
for SOGN OG FJORDANE RØDE KORS  
Synøve Sande, distriktsleiar